Avdeling smittevern

Grunna pandemien og oppgåvene som vart lagt til kommunen, vart avdeling smittevern etablert november 2020. Grunna store og mange oppgåver gjennom heilt 2021, vart drift i avdelinga opprettholdt. Avdelinga har hatt om lag 2,5 årsverk i midlertidig stilingar, i tillegg har avdelinga hatt ei stor gruppe personell som har jobba vakter på teststasjonen på flyplassen.

Avdeling smittevern har hatt følgjande oppgåver:

1. TISK (Testing - Isolering - Smittesporing - Karantene):
    1. Drifte teststasjonar på Ålesund Lufthamn Vigra og ved rådhuset
    2. Legge til rette for karanteneopphald og isoleringsopphald for tilreisande i samarbeid med Ålesund kommune
    3. Motverke og slå ned smitteutbrot
2. Drive løpande informasjonsarbeid til innbyggarane
3. Samarbeid med omkringliggande kommuner, statsforvaltar, Avinor, politi, Røde kors m.fl.
4. Rapportering til Statsforvaltar og Helsedirektoratet
5. Vaksinering

Giske kommunale legesenter AS har bistått kommunen med vaksinering gjennom heile året. Legesenteret har utført eit godt arbeid og har levert etter forventing. Det har vore eit tett og godt samarbeid mellom kommunen sine tenester, Giske kommunale legesenter AS, Ålesund kommune, Avinor, politiet, Røde kors, Helseføretaket og Statsforvaltar.

Giske kommune har hatt ei godt fungerande smittevernavdeling, som har handtert oppgåvene etter kvart dei har kome til. Giske kommune er handlekraftig, kreativ, vist sterk dugnadsånd og fellesskap med samhandling på tvers. Beredskapsleiinga har gjennom året vore tett på situasjonen og leia arbeidet på ein framifrå måte.

Rekneskap 2021, avdeling smittevern

Via tilskot frå Helsedirektoratet, har Giske kommune fått dekka alle utgifter knytt til drift av teststasjon Vigra flyplass, karantenehotellordninga og isolasjonshotellordninga.

Drift av teststasjonen på Valderøya er blitt dekka gjennom skjønnstilskot frå Statsforvaltar.

Avdeling smittevern leverte i 2021 rekneskap i balanse.